



Bente Louise Fløisand-Larsen
Sophus Pihls Gate 9
5034 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/2192 - 19/23370

Saksbehandlar:

Astrid Riise

astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:

25.11.2019

Svar på førespurnad om slamtømming GBNR 5/85

Me viser til din epost av 14.11.2019 med førespurnad om oppretting av kommunal avtale om slamtømming av septiktanken på fritidsbustaden din, adresse Rosslandsvegen 1080, 5918 Frekhaug, gnr. 5, bnr. 85.

Det første spørsmålet ditt er kvifor du ikkje vart varsla i samband med leidningsbruddet i Fløksand-området i sommar. Det kan vere fleire årsaker til det; ei årsak kan vere at mobilnummeret ditt har lege inne i systemet til kommunen, men har falle ut. Dersom du vil leggjast inn igjen i systemet, kan du gå til heimesida til Meland kommune og klikke deg fram til «Veg, vatn, avløp og boss». Klikk deretter på «SMS-varsling». Du vil då få opp fire rammer, der du bl.a. kan leggje deg inn på dei alternativa du vil vere registrert på.

Plan- og bygningslova (pbl.) § 27-1 krev at det i bygning som enten skal endrast, skal førast opp eller tas i bruk, og i «eksisterande byggverk», skal vera «adgang til hygienisk betryggende og tilstrekkelig drikkevann, samt slokkevann», jf. § 27-1. Pbl. § 20-2, jf. § 20-1 f) fastset at det gjeld søknadsplikt for «oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjoner». Med bygningstekniske installasjonar meines bl. a. vatn- og avlaup (sanitæranlegg). I pbl. § 20-3 heiter det at søknad, prosjektering og utføring av tiltak som nemnd i § 20-1, skal foretakast av verksemd med ansvarsrett etter kapittel 23.

Når det legges inn vann, må det og gjerast greie for, frå ansvarleg søkjar, kva for type utslepp som skal nyttast i bustaden, jf. plan- og bygningslova § 27-2, «(F)ør opprettelse eller endring av eiendom til bebyggelse eller oppføring av bygning blir godkjent, skal bortledning av avløpsvann være sikret og i samsvar med forurensningsloven. Rettighet til å føre avløpsledning over annens grunn, alternativt til å knytte seg til felles ledningsnett, skal være sikret ved tinglyst dokument eller på annen måte som kommunen godtar som tilfredsstillende.

Det er ikkje lagt opp til tilkopling til kommunal avløpsledning i området der fritidsbustaden din ligg, og det er heller ikkje planlagt kommunalt avløpsanlegg der i næraste framtid.

Det har ikkje vore søkt om utsleppsløyve for din eigedom. Dette er årsaka til du ikkje er registrert med avtale om slamtømming.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Før Meland kommune kan inngå avtale om kommunal slamtømming, må det i ditt tilfelle søkjast om å få installere eit utsleppsanlegg som tilfredstiller dagens krav. For nærere informasjon og prisoverslag anbefaler me at du tar kontakt med verksemder som driv med dette.

Vanleg tømmefrekvens slamtømming for fritidsbustader er kvart fjerde år. For prisar sjå heimesida til Meland kommune på www.meland.kommune.no under kommunale avgifter og eigedomsskatt.

Vedlagt finn du Gebyrregulativet og lokal forskrift for Meland kommune om bl.a. dette temaet.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Gebyrregulativ-vatn-og-avlaup-2019 (2)
Lokal forskrift for Meland kommune

Mottakere:

Bente Louise Fløisand-Larsen

Sophus Pihls Gate 5034
9

BERGEN